



## **FRUKTLAGERINSPEKTØREN – Fruktprognose pr. 1. juli 2016.**

### **Fruktavlinga ser ut til å bli høgare enn gjennomsnittet for dei siste åra – men ikkje kronår.**

Det som i mai månad såg ut til å kunna bli eit kronår med rik bløming og godt ver, ser nå ut til å bli eit godt middels fruktår. For moreller ser avlinga ut til å bli god, medan det er meir svikt i plomme- og epleavlinga. For pære er avlinga liten. Det er til dels store skilnader i avlingsnivået geografisk, både regionalt og lokalt, og det er skilnader mellom sortar. Geografiske område som hadde låge epleavlingar ifjor, kjem betre ut dette året. Det er grunn til å tru at årsaken til variasjonen skuldast både vèrtilhøva under og etter bløming, men at ein også har verknad av vekselbæring. Temperaturen i mai og juni var høgare enn normalt, og utviklinga ser ut til å bli ganske tidleg dersom ein får normal god ettersommar og haust.

### **Morellprognose 2016.**

Morellprognosen viser at avlinga kan bli 535 tonn. Bortsett frå 2014 som gav ei avling på nærmare 600 tonn, blir det i så fall den høgaste avlinga som er registrert dei siste åra. Meir søtkirsebær blir nå dyrka i tunnellar, og det gjer at avlinga blir noko sikrare.

#### **OVERSYN FOR ÅRA 2008/2016 – MORELLER(tonn):**

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Prognose 2016
Moreller Norge	398	476	295	354	405	488	583	384	535
Moreller eksport	4	27	34	5					
Sum Moreller	402	503	329	359	405	488	583	384	535

Haustinga vil starte frå ca. 15. juli, med hovudtyngda av avlinga den siste veka av juli og dei 2 – 3 første vekene i august.

### **Morellprognose i tonn pr. veke 2016:**

	28	29	30	31	32	33	34	35	36	Sum
Tidlege sortar	2	2	2	0	0	0	0	0	0	7
Seine sortar	5	21	102	158	133	86	22	2	0	528
Sum moreller	7	24	104	158	133	86	22	2	0	535

## Plommeprognose pr. 1. juli 2016.

For plommer er avlinga ujamn. Mange stader blir det meldt om svikt på sorten Reeves som etter kvart har blitt ein av hovudsortane i kvantum. Prognosen viser at me i år kan rekne med 1 350 tonn. Det er i så fall ny rekord. Plommearealet har auka med over 30 % utan at avlinga har auka tilsvarande i seinare år. Så sjølv med ein god del svikt i avlinga, kan kvantumet bli høgare enn før.

Haustinga vil starte frå ca. midten av august, men først siste veka i august og 3 veker utover i september vil det vera kvantum av betyding.

Tabellen viser prognose for plomme i 2016 i tonn pr. sort og veke:

Sort/Uke nummer	32	33	34	35	36	37	38	39	40	Sum
Edda	13	16	5	1	0	0	0	0	0	35
Opal	8	76	133	56	17	1	0	0	0	290
Mallard	1	3	43	104	70	29	7	2	0	258
Reeves	0	0	2	28	73	61	33	10	7	214
Avalon	0	0	0	27	35	24	1	0	0	88
Excalibur	0	0	0	2	21	21	4	1	0	49
Victoria	0	0	4	17	37	50	22	1	1	131
Jubileum	0	0	0	27	64	64	39	14	2	210
Andre sortar	0	0	10	16	6	23	16	6	4	81
Sum plomme	22	95	196	278	323	272	123	33	13	1 355

Opal og Mallard ser ut til å verta dei 2 største sortane dette året. Det er eit stort avlingspotensial i sorten Reeves ved at den blir så stor. Dette året er det mange stader svikt i denne sorten.

Samanlikning av årets plommeprognose med tidlegare års plommeavling.

Tonn pr. år	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Prognose 2016
<b>Edda</b>	47	61	79	49	32	37	19	32	35
<b>Opal</b>	274	296	227	181	211	221	219	259	290
<b>Mallard</b>	218	187	210	228	155	254	173	181	258
<b>Reeves</b>	45	100	115	59	148	144	265	275	214
<b>Avalon</b>		10	37	61	29	51	43	97	88
<b>Exalibur</b>	24	23	62	117	78	116	98	53	49
<b>Victoria</b>	233	214	152	43	27	136	71	106	131
<b>Jubileum</b>	94	149	154	162	75	213	133	185	210
<b>Valor</b>							28		
<b>Uspesifisert</b>	8	11	5	23	64	118	94	63	81
<b>SUM</b>	<b>943</b>	<b>1053</b>	<b>1039</b>	<b>922</b>	<b>818</b>	<b>1 290</b>	<b>1143</b>	<b>1251</b>	<b>1355</b>

## Pæreprognose 2016:

Prognosen viser at det går mot eit nytt svakt år for pære, der kvantumet berre så vidt vil passere 100 tonn. Gjennomsnittleg pæresalg her i landet, er på vel 50 tonn pr. dag.

	2011	2012	2013	2014	2015	Prognose 2016
Clara Frijs	26	39	35	54	45	49
Moltke	40	21	16	23	7	12
Philip	34	13	6	13	3	5
Ingeborg	83	86	60	44	37	37
Herzogin Elsa	6	7	3	14	8	5
Celina						1
Andre sortar	1	5	0	3	3	2
<b>SUM PÆRER</b>	<b>191</b>	<b>170</b>	<b>120</b>	<b>250</b>	<b>144</b>	<b>109</b>

## Epleprognose 2016.

Eplekvantumet blir høgare enn middel for dei siste åra. Hardanger som hadde eit lågt avlingsnivå ifjor, får dette året ei ganske god avling. På Austlandet som hadde ganske god avling i 2015, er avlinga berre middels i år.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Prog 2016
Geneva Early	150	43	75	38	42	90	88	24	31
Vista Bella	108	142	125	103	127	97	124	79	112
Julyred	356	187	309	277	202	312	312	156	176
Caroll	100	75	71	80	67	70	54	40	37
Andre tidl.sortar	83	75	81	45	31	39	33	12	17
R.Prins/Kronprins	325	345	219	173	162	131	160	100	159
Discovery	754	703	806	449	757	709	1 228	640	1 024
Katja	31	28	46	38	21	43	52	27	25
Sunrise	3	5	10	13	40	44	87	71	62
Summerred	1 674	1 428	1 160	1 019	1 412	1 234	1 590	1 055	1 416
Gravenstein	262	73	173	4	0	7	2	108	6
Gravenstein, Raud	1 410	1 397	885	677	548	809	699	377	741
Åkerø	383	263	317	169	217	172	194	149	154
Delcorf	3	7	11	20	38	20	12	15	20
Aroma	2 487	1 115	1 650	1 020	941	1 291	1 108	857	987
Aroma, Raud	1 307	973	1 319	921	977	1 451	1 592	1 165	1 792
Lobo	226	134	113	89	65	85	73	40	36
I.Marie/K.Schn.	215	121	121	54	92	67	122	47	83
Elstar	50	34	38	18	44	23	85	19	69
Rubinstep	0	0	0	0	0	10	84	134	213
Uspesifiserte sortar	63	54	56	48	127	50	42	38	19
<b>SUM EPLE, kl 1</b>	<b>9 988</b>	<b>7 202</b>	<b>7 585</b>	<b>5 254</b>	<b>5 910</b>	<b>6 753</b>	<b>7 740</b>	<b>5 205</b>	<b>7 177</b>
Leverd konsum	9 111	6 851	7 028	5 254	5 881	6 595	7 580	5 153	

Av tidlege eple er det mindre Geneva Early og Julyred enn normalt. Dei sortane blir i hovudsak dyrka på Austlandet. Derimot blir det meir Vista Bella som blir dyrka på Vestlandet. Men totalt blir det lite eple før Discovery og Summerred kjem på marknaden. Både Discovery og Summerred kjem ut med ganske god avling. Og Raud Aroma ser ut til å komme ut med god avling.

Prognose pr. 1 juli 2016 – Økofrukt/tonn).

Tabellen nedanfor viser prognosen for 2016 samanlikna med mottaket frå 2008 til 2015(kvantum i tonn):

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Prognose 2016
Plomme	7	5	13	15	11	12	31	17	41
Eple	21	23	43	44	67	108	118	48	105

Prognose økoeple 1. juli 2016 – tonn pr. sort:

Discovery	Katja	Aroma	Raud Aroma	Sum
19	6	11	69	105

Prognose økoplomme 1. juli 2016 – tonn pr. sort og veke:

Vekenummer/sort	32	33	34	35	36	37	38	Sum
Opal	0	4	4	3	1	0	0	12
Mallard	0	0	1	4	4	1	0	10
Reeves	0	0	1	2	3	2	1	9
Avalon	0	0	0	0	1	0	0	1
Excalibur	0	0	0	0	1	1	0	2
Victoria	0	0	0	2	2	0	0	4
Jubileum	0	0	0	0	1	2	0	3
Sum plomme	0	4	6	11	13	6	1	41

Stavanger 5. juli 2016

Bjørn Eidhammer